

Den norske busetninga i Finnmark.

Av Halvdan Koht.

Når var det normennene sette bu i Finnmark? Det er eit spørsmål som er forvitneleg for mykje meir enn berre Finnmark. Svara på det spørsmåle gjev opplysning om voksterstyrken og utvidings-evna i det norske folke. Og syner det seg - som eg trur er rett - at den norske landvinninga i Finnmark gjekk for seg nett i dei hundraåra som vi elles reknar for den verste nedgangstida for folke vårt, då kann dette hjelpe oss med løysninga på dei store og vanskelege spørsmåla om koss det i sanning har seg med oppgangen og nedgangen i historia vår.

I eit gammalt norrønt skrift frå kringom 1200 står det at "Malangen skil mellom Finnmark og bumenner, og sunnafor Malangen står kyrkja i Lenvik, den nordlegaste kyrkja folk har bygd i verda". Dette vitnemåle har historieskrivarane vanleg halde seg til, og dei har meint at når normennene kringom 1200 ikkje hadde busett seg lenger nord enn Malangen, so hadde dei ikkje havt fast bustad lenger nord i eldre tider heller.

Men i 1908 freista Alexander Bugge i eit foredrag han heldt om "Nordlands skiftende skjæbne" (prenta i Historisk Tidsskrift, 4. r. V. 398-424) vise at normennene eit par hundraår fyrr hadde budd mykje lenger nord, so det hadde vore tilbakegang for den norske busetninga i tida mellom 1000 og 1200. Heilt til Kvænangen - på Karlsøy, Helgøy og Vanna - meinte han normennene hadde budd kringom år 1000. Og Hans Eidnes har teke opp denne læra i Nordlands-soga si; ja, han tenker seg det har budd

normenner spreidd langs etter sjøsida av Finnmark heilt aust til Varanger i denne gamle tida.

Eg trur ikkje noko av dette er rett. Les ein ferdaskildringa frå Ottar, frå straks fyre år 900, so ser ein tydeleg at alt dette lande den gongen var ubygde. Han fortel at han budde lengst nord av alle normenner, og då han tok ut på Bjarmelands-ferda si, måtte han sigle i seks jamdøger nordetter fyrr lande tok til å bøygje mot aust. Då hadde han venteleg - etter det vi elles hører om siglinga langs med Finnmark - kome so langt som til Gjesvær. Men tri dagar fyrr han nådde so langt, hadde han vore "so langt nord som det lengste kval-veidarana brukar

fare", - det må ein helst tru har vore Sandvær rett ut for Kvalsund. Gustav Storm har difor meint at Ottar budde i Lenvik, og det er visseleg det lengste nord ein kann tenke seg han har havt garden sin. Men han segjer gong på gong at nordafor heimen sin hadde han berre audt land på styrbord, åpne have på bakbord, - det einaste var at stykk-imellom fans det finnar som dreiv med jakt og fiske.

Det er vanskeleg å tru at den norske busetninga med ein gong skulde ha tøygd seg so mykje lenger nord på hundraåre mellom 900 og 1000. Og det fins i røynda ikkje noko prov for det heller.

Det er gravhaugane som vitnar om busetninga. Og dei syner bumanns-grensa nokolunde trygt. Frå den eldre jarnalderen, tida mellom Kristi fødsel og 700-800, har vi mange gravhaugar frå heile vest-halva av Hinna, frå Vesterålen og frå Anda, og vi finn endå gravhaugar so langt nord i det som no er Trums fylke, som på Rolla, på Andørja, på Helløya under Bjarkøy, og på Stangnese allerlengst sør på Senja. Dermed er det slutt. Berre at det fins ein einskild gravhaug frå denne tidbolken heilt nord på Helgøy og kanskje ein på Vanna. Men desse einstaka gravhaugane fortel berre at so langt nord har normenner kome. Sjølve busetninga har ikkje rokke lenger enn til sør-enden av Senja.

I den yngre jarnalderen, tida so om lag 750-1050,

-37-

ser, det noko, annleis ut. Frå den tida har vi mange, mange fleir av gravhaugar, - i det. som no er Nordland fylke ei 4 -5000, og i Trums fylke ei 650. Men nordafor Malangen er det berre nokre få. Av dei 650 er det om lag 300 på Hinna; og 250 er på øyane og lande innafor Senja. På utsida av Senja er det ei 60-70. Men lenger nord fins det ikkje meir enn ei 30 bumanns-haugar. Malangen gjer soleis tydeleg eit skil.

Gravhaugane nordafor ligg mest alle i hop ute på øyane, - dei nordlengste i Frakfjorden, soleis straks innafor fylkesgrensa til Finnmark, og in einskild haug heilt nord i Havøysund. Det er ingen tvil om at normennene i den yngre jarnalderen, i vikingtida, ferdas mykje her nord på veiding etter kval og rossmål. Og det var visseleg just i vikingtida at denne veidinga nord i Finnmark, nordafor Malangen, vart ei leveveg for håløygene. Då måtte det vel hende at einkvan av dei døydde og måtte bliosomeleg gravlagt der langt burte frå heimen. Haugane der ute med siøsida er visst ikkje minne om anna enn slike nåsfall mellom ferdesmennene. Ein torer ikkje ta dei til vitnemål om fast busetning. Sjølv sagt vil eg ikkje nekte for at eit skipsmannskap ein og annan gong har halde seg der nord både vinter og sumar. Men dette er ikkje

det same som busetning. Og motsetninga mellom ei einskilde få gravhaugane nordafor og dei mange haugane sunnafor Malangen er so stor so ho visseleg set grensa for bumannsfolke.

So er det stadnamna som har sitt å fortelje um busetning og fersel. I Nordland fylke har vi dei gamle gardsnamna på -vin og -heim so langt nord som til Lofoten og Vesterålen. I Trums fylke har vi ikkje meir enn ein einaste -heim-gard, den som no heiter Soløy inni Lavangen. Desse namna kann i minsto være so gamle som frå den eldre jarnalderen; men ikkje meir enn eit einaste gardsnamn langt sør i Trums fylke fører oss so langt tilbake. Frå den yngre jarnalderen har vi gardsnamn på -stad, og av dei fins det då so mykje som eit godt tjaug i Trums fylke. Men storparten av dei er frå øyane og lande sunnafor Senja.

-38-

So er det ei 2 - 3 på sjølve Senja, og endeleg in einskild -stad-gard yver på Kvaløya, berre so vidt nordafor Malangen. Ikkje eit einaste anna gardsnamn so langt nord låt seg føre tilbake til heidensk tid.

Men det fins eitt slag stad-namn i det gamle Finnmark som utvilsamt er ifrå heidendomen. Det er øynamn og fjordnamn. Men for min tanke er dette just namn som vitnar om fersel, om sterk og stendig fersel, men ikkje om busetning. Vi har Helgøy straks nordafor Ringvatsøy, - den heilage øya. Men eg skjønner slett ikkje kvifor dette namne plent skal skrive seg ifrå bufaste folk. Eg trur tvert imot at sjøfolka inderleg vel hadde bruk for slik ei heilag øy når dei var langt heimafrå, - ja, sjøfolka aller mest. Og sjå so på landkarte koss Helgøy ligg: kvalveidarane har kome utanom den eine Kvaløya og so framom Ringvatsøy til den næste Kvaløya; lenger gjekk vel for det meste ikkje ferda, og straks der innafor ligg Helgøya; i live for nordastormen bak Vanna, - det vil segje Varn eller Vorn, den øya som gjev vern. Her kunde sjøfolka naturleg samle seg til gudsdyrkning. Vilde dei lenger nord, måtte dei yver Lopphave, og då turvte dei vel ofre til gudane i fyrevegen. Då stod krossen ute på Korsnes og synte leia.

Det er elles ein skilnad på øynamna nordafor og sunnafor Senja. Langs etter heile Hålogaland har vi ei rekke med øynamn som er reine rot-ord, og som er so gamle so vi snautt kann tyde dei, - Leka, Vega, Tjøtta, Alsen. Dønna, Træna, Ongul; Hom (no Hamrøya), Hinna, Anda, Rolla, Senja. Men med Senja slutter denne rekka. Dei einaste øynamna lenger nord som ein kann sette i hop med desse, er Trumsa og Vanna. Ikkje meir enn ei to-tri øynamn nordafor Senja treng være so gamle som frå den eldre jarnalderen. Og ikkje eitt av dei tar vitne om fast busetning. Normennene trong til å ha namn på øyar og vær; når dei skulle ferdes jamt der nord; øynamna var merke på leia.

Det same var det med fjordnamna. Sør på Hålogaland har vi slike gamle fjordnamn som Vefsen, Rana og Salten. Men kjem vi nordafor Lofoten, blir fjordnamna lette å tyde

-39-

etter ord som vi kjenner frå historisk tid. Og reint sermerkt er det her nordetter med alle fjordnamna på angr. Desse namna skriv seg visseleg frå vikingtida, og dei er laga med mønster ifrå Harjangen, Gratangen, Lavangen, Salangen og Malangen i sørparten av Trums fylke. Dei er jamgamle med slike namn som Balsfjorden og Ullsfjorden, som venteleg minner om gudane Balder og Ull. Og desse namna ber vitne om norsk fersel heilt aust til Varanger. Men det er ikkje meir enn fersel dei vitnar om heller. Likso lite som en samlinga med angelsaksiske og tyske myntar som er funnen langt uppi Finnmarka sunnafor Varanger.

Normennene i vikingtida for langs etter heile Finnmarka på veiding og handel. Økonomisk og politisk la dei lande under seg. Men endå vart dei ikkje bumenner her. Og like eins var det frametter ilte, 12te og 13de hundraåre. Då lande vart kristna straks etter år 1000, var det endå ikkje turvande å bygge ei einaste kyrkje nordafor Trondenes og Lenvik. Ikkje fyre midt i 13de hundraåre, då Håkon Håkonsson sette kyrkje på Trums, - og då var det visst endå ikkje normenner han bygde for. Nett på den tida gav han Malangen til bjarmar som hadde rømt ifrå Russland. Framleis var Malangen grensa mellom Finnmark og bumenner.

Men i slutten på 13de hundraåre kom det eit skifte.

Det var på denne tida at Noreg vart dregje inn i eit nytt handelsliv. Fyrr hadde handelen ikkje havt so mykje å segje for lande vårt. Den byen som alt fyre 1200 var den største handelsstaden i lande, Bergen, hadde fyrst i det siste hundraåre vunne seg fram til eit nemnande rom i den internasjonale handelen. Men grunnlage for den bergenske handelen, det var ei vare frå Hålogaland, - turrfisken, skreia. Og vilkåra for den bergenske handelen måtte difor bli avgjørande for hovudnæringsvegen her nordpå. Det var desse vilkåra som just no skifte. Endå fram imot slutten av 13de hundraåre gjekk mesteparten av turrfisken frå Bergen til England. Men på denne tida var det at hanseatane, Lybecks-

-40-

kjøpmennene, meir og meir trengte seg inn, og i fyrstninga 14de hundraåre tevla dei engelsmennene reint ut.

Dette har mange historieskrivarar rekna for eit merke at det gjekk tilbake med Noreg; for hanseatane gjorde beint fram til herrar yver den norske, serskilt den ber riske handelen.

Men det kunde likso vel være ein vinning, for engelsmennene hadde berre kjøpt den

fisken dei sjølve vilde ha. Men hanseatane dreiv verdshandel. Dei var kapitalistar, og dei la seg ut om å selje den norske turrfisken til heile Europa. Dermed kom for fyrste gong ei norsk vare inn på den store europeiske marknaden. Og vart aukande etterspurnad etter turrfisken.

Sjølvsgart kann ein segje det var skade at ikkje heimenorske kjøpmennar tok yver handelen og soleis bygde eit nasjonalt borgarstand i lande. Men det fans ikkje den gongn i dei norske byane eit kjøpinannsstand som var kapitalsterkt nok til å drive slik ein verdshandel, - dei freistnadene som har vore gjort i det siste på å prove det motsette, slær ikkje til. Og vi kunde ha tent mykje betre på utførsla vår, om vi ikkje hadde mått la hanseatane ta so stor ein part av vinningen på omsetninga. Men endå tente vi utvilsamt på at turrfisken vår vart seld i so mykje større mengder enn fyrr.

Og det var nordlendingen som hadde meste baten av det. Han kunde nok lide for at hanseatane i Bergen snart dreiv ut Nidaros kjøpmennene av fiskehendelen; dermed vart han økonomisk bunden til Bergens-brygga, og han, vart ”skuldmann” til Bergens kjøpmannen for mange hundra år. Og no greidde det seg ikkje berre med Lofot-fiske. No kom Finnmarks-fiske i gang. Dermed tok normennene til å bli bufaste i Finnmarka.

Fyrr hadde dei helst fare der etter kval og rossmål, det hadde ikkje kunna gje noko fast næringsdrift; det vart berre som eit tillegg til levevegen for håløygen lenger sør. Med fiske vart det noko anna. Fiskaren kunde bli bu-

-41-

mann. Og i tenesta til den hanseatiske handelen gjorde fiskarfolke Finnmark til i sanning norskt land.

Fyrste gongen vi høyrer um ”bumenner” i Finnmark, i ei kongeleg rettarbot frå åre 1313. Der er det fyreskrive at finnane skal sleppe med tridjeparten av sakefalla i kongen og erkebispen i dei fyrste tjuge åra etter dei har hørt kristna; men sidan skal dei betale fullt ut ”liksom bumennene”. Det er kanskje ikkje so fullvisst at dermed just er meint bumennar i Finnmarka. Men kringom 1330 høyrer vi eit vitnemål teke av ”gamle bumennar og finnar” om grensene for skatt-retten til Noregs-kongen og Russe-kongen, og her må det være tale um norske bumennar i sjølve Finnmark; for dei kann vitne at Russekongen kann ta skatt so langt vest som til Lyngen, Noregs kongen so langt aust som til Kvitehave. ”Gamle bumennar” kringom 1330 vil segje folk som har budd der minst ifrå siste hundraårsskifte. Og utvilsamt er det rett når ein har funne samanheng mellom denne bosetninga og den norske kyrkja som kebisip Jorund vigde heilt aust på Vargøy (Vårøy) i åre 1307. I minsto fyre 1340 hadde kongen

bygd festning på Vargøy, og korkje kyrkje eller festning stod visseleg i reint finsk land, - norske bumennar hadde no slegje seg ned langs etter Finnmarks-strendene.

Dessverre er det uråd å fylgje denne norske busetninga i det einskilde gjenom dei næste hundraåra. 1300 og 1400-tale er den tomasta tida i norsk historie, reint snau for mange kjelder som vi elles finn upplysning i. Og Finnmarka sig inn att i myrkre, det og. Det var på denne tida at det tok til å bli strid om Finnmark, først med russane, til slutt med svenskane, og denne ufreden hører vi om ein gong ibland. Men busetnings historia fær vi på lange tider berre ein og annan liten glytt inn i.

Vi har ei kongeleg rettarbot frå 1384 som fyreskriv fiskarane frå Finnmark likso vel som dei frå Hålogaland skal føre fisken, sin til stemna i Vågan, - so viser då folk dreiv fiske der. I år 1420 hende det at "de som byggja og på Hålogaland og Finnmark" skrev og klaga til kongen for

-42-

all den våden som lande deiras stod i for russar og heidningar som gjorde grov skade for dei, so dei måtte ligge i orlog både vinter og sumar og ikkje hadde anna hjelp enn fatig ålmuge og sume kongelege umbodsmenner. Men dette breve er ferda ut i Bergen, og av dei 11 underskrivarane har eg kunna slå fast at i minsto dei 5 var bergensfolk, sume jamvel bergenske rådmennar. Det er i bergensk kjøpmanns interesse dei skriv, når dei i same breve klagar på at engelske handelsskip har kome til Hålogaland. Og ein kann ha ein mistanke om at det er bergenske fiskarar på Finnmarkshave som har lide skade av russar og heidningar. Men desse fiskarane har då likevel rekna seg for å høyre heime i Finnmark. Og frå engelsk side har vi eit klagebrev frå 1428, om at ålmugen i Finnmark hadde slegje i hel nokre engelske kjøpmennar som kom dit, - England måtte i 1432 gå med på at ingen utlending skulde få fare i handel der nord.

So lite faktisk upplysning som desse breva gjev om den norske busetninga i Finnmark, so vitnar dei då om at norske fiskarar heldt på å eigne til seg lande. Men so hører vi ikkje meir om folke der att fyre 1488, - frå det åre har vi eit pavebrev om kyrkjetenesta i Finnmark. Her fær vi høyre at det endå ikkje fans noka soknekyrkje der; for "innbyggjarane er for størsteparten fiskarar og bur sumtid på ein kant og sumtid på ein annan kant av øya (!) etter som dei tykkjer det høver for fiske deiras". Men det var kapell kringom på væra, og det var strid mellom erkebispen og Trondenes-presten om kven som skulde ha inntektene av gudstenesta, - det vart erkebispen som vann.

Dette same om den noko lause folkesetnaden høyrer vi i den skildringa av Finnmark som erkebispen Erik Valkendorf sette upp kringom 1520: ”Folk som bur der skifter bustad etter rikdomen eller skorten på fisk, so dei held seg snart her og snart der,” Og bustaden var helst å kalle berre ei jordhole. Men om folk levde noko på flyttfot, so heldt dei seg då i Finnmarka. Og just no frå denne tida har vi greitt vitnemål om kor viktig eit land

-43-

Finnmarka hadde vorte. For no tok både erkebispar og kongelege slottsherrar til å reise dit nord. Og dei kom ikkje berre for kristendomen eller for striden med Russland. Dei kom minst likso mykje for dei rike inntektene Finnmarka gav, både i skatt og i avdrått. Både erkebispen og slottsherren på Vårhus dreiv sjølv fiske; erkebispen kunde eit einskilt år ha ei omsetning på 1000 våger fisk, og futen på Vårhus kunde på eit par år kome til kort på rekneskapen sin med 300 våger turrfisk. Kongen skreiv ut i 1525 ein skatt ifrå. Finnmarka på 5 våger turrfisk på kvar 4 mann, og i 1528 vart skatten auka til 4 våger turrfisk på kvar 3 ”bønder”.

Frå åre 1520 har vi rekneskap for tienda frå Finnmarka, og den gav då tilsaman væl 240 mark i pengar, 420 lodd sylv og mest 1500 våger turrfisk, - ei våg vart på den tida rekna for likt med 2 mark i pengar. Men det som er serskilt forvitneleg, det er at til denne rekneskapen høyrer fult skattemanntal. Det gjeld ikkje for heile det gamle. Finnmark, berre for Finnmark len eller den parten som no er Finnmark fylke, - Trums er borte. Men liknar vi det i hop med skattemanntal for Hålogaland, finn vi desse tala: Helgeland 565, Salten 322, Lofoten og Vesterålen 399, Andenes 162, Senja 367, og Finnmark 357. Ein må segje at tale for Finnmarka er etter måten uventande høgt. Av desse 357 er det 28 kvinner, mest enker. Vi kann rekne med at alle 357 er huslyd-forstandarar med sjølvstendig næring, og vi fær då eit folketal på omlag 1800 normenner:

Femti år etter, i 1570, blir det gjort upp at Trums len gjev ei rente på mest 400 dalar, Finnmark len mest 1800 dalar, og at manntale for Trums er 294, for Finnmark 490. På den tida kann vi då rekne folketale til 1500 for Trums og 2500 for Finnmark. Og i minsto i sjølve Finnmark budde alle desse menneska på fiskeplassane utmed havkanten, - der hadde dei i 1589 syttan kyrkjer.

Det er ikkje meiningsa her å fylgje denne busettingshistoria lenger fram. Det er nok for meg å ha synt at i 16de hundraåre står vi framfyre det faktum at Finnmark har

fått norsk folkesetning. Frå 1300 til 1500 hadde Finnmark vorte norskt land i sann nasjonal mening. Og den norske voksteren held på fram-etter 1500-tale. Frå 1570-åra hører vi om at folk so smått tok til å få seg skikkelege tømmerhus i staden for jordhus og gammar.

Eg kann ikkje anna skjonne enn at dette resultate står i åpen strid med den læra som titt blir forkynt, jamvel med tillegge ”som bekjent”, at alle desse hundraåre var ei nedgangstid for Hålogaland. Eg veit i det heile ikkje rett kva det er for prov ein har for slik ein nedgang i denne tida. At et går ut med dei gamle storættene, er då slett ikkje det same som at folkevelstande minkar. Og ein tarv vel ikkje syrgje so hardt på det skifte Alexander Bugge skildrar: ”Høvdingerne blev ikke længer selv i Alderdommen grebne af vild Elskov som den gamle Herse Bjørgulf i Egils Saga;” - i motsetning til det paradisiske uskyldslive som venezianen Quirini fortel om frå Røst i 1432.

Upphave til alt dette snakke om den nordlandske nedgangen er vel helst den grøtelege skildringa frå Lofoten og Vesterålen som futen Schønnebøl skreiv i 1590-åra. For han kunde fortelje om kor mykje gildare alt var i gamle dagar. Men det var no tonen i Noreg på 1500-tale, å lovprise gamal herleheit i motsetning til den ynkelege notida. Og granskars ein det som Schønnebøl bygger syrgjesongen sin på, so skal ein finne at sumt er endefram segn, sumt har sin grunn i ringt fiske dei aller siste åra, sumt er berre ei skildring av det slitsame live fiskarane alltid har ført, og sumt er ikkje vitnemål om anna enn ei økonomisk omlegging, soleis som når kjøpstema i Vågan er flutt til Bergen.

Det som var leitt for folke nordpå, det var ”nordfargjelda” som no tok til å samle seg upp. Nordland og Finnmark vart dregje inn i den nye handelskapitalismen, og den skapte nye økonomiske motsetningar, ny klassestrid, som fyrrtida ikkje hadde kjent. Men det er eit mistak å tru at desse nye vilkåra førte til å arme ut lande. Tvert imot, - når vi ser at både Nidaros og Bergen, dei byane som nærmest levde av fisken ifrå Nordland og Finnmarka, gjekk

fram i handel og folketal fram-etter 16de hundraåre, torer vi trygt slutte at det vart bruk for meir og meir arbeidskraft i fiske. Og det kunde ikkje ha gått soleis fram med Finnmark, hadde det ikkje samstundes vore framgang for heile Hålogaland, - det er same vilkåra som er årsaks-makta heile fiskarlende nordsetter. Skattemanntala provar då og sterkt vokster for Hålogaland i denne tida.

Men dermed er det sagt at den ”nedgangen” som historia fortel om for lande vårt i desse hundraåra, slett ikkje er so ålmenn eller so djupgjengd som han titt blir skildra.

I røynda fins det mykje framgang i denne tida og, både økonomisk og åndeleg. Det er mange ting som skifter, og mykje som går til grunns, og lande vårt slapp ikkje uskadd igjenom krisen. Men går vi djupt ned i folkelive, skal vi finne både vokster og ny-laging som fyrebud rik etterreising for lande. Og ein vinning frå denne tida stig fram klårt og sterkt: at Finnmarka vart norskt.